# ÅRSRAPPORT 2023

BIT20 Ensemble
Bergen



Foto: Gyrid Cecilie Nygaard

# Innhaldsliste


| | |
|---|---|
| 01 Innleiing | 4 |
| 02 BIT20 Ensemble | 5 |
| 03 Formål og visjon | 6 |
| 04 Aktivitet, innhald og fakta | 7 |
| Deltakarprosjekt | 10 |
| Konsertar og produksjonar | 14 |
| 05 Statistikk | 32 |
| 06 Kommunikasjon | 34 |
| 07 Samarbeidspartnarar | 38 |
| 08 Organisasjon | 40 |
| 09 Helse, miljø og sikkerheit | 41 |
| 10 Rekneskap | 42 |




Foto: Thor Brødreskift/Borealis

# 01 Innleiing

BIT20 Ensemble (BIT20) vart stifta i 1989 og er basert i Bergen. BIT20 Ensemble er eit av Nordens leiande samtidsmusikkensembler. BIT20s mål er å gjera samtidsmusikk kjent for eit breitt publikum, og arbeida for stadig høgare kvalitet og mangfald i framføring og presentasjon av ny musikk gjennom konserter, framsyningar, deltakarprosjekt og samtalar/diskusjonar.

Me starta året med ein del blanke ark, med ny dagleg leiar og ferske andlet i både produksjon og kommunikasjon. Året var det siste av ein fleirårig samarbeidsavtale med Harmonies and Noises i Polen på EØS-midlar, som gav oss moglegheit til å både reisa ut og ta imot besøk for samarbeid i Bergen. Med sviktande støtte frå det offentlege over fleire år er arbeid for å betre finansiering og rammevilkår eit viktig satsningsområde i 2023 og åra framover. Med andre gode samarbeidspartnarar på laget fekk me gjennomført innspelingar, konsertar i Bergen, Oslo, Polen, Hardanger og Førde, samt opprettholdt vårt populære tilbod i Den kulturelle skolesekken og andre deltakarprosjekt.

Kjerneverksemda er konsertar og framsyningar med sinfoniettaen – BIT20s profesjonelle utøvarensemble – på arenaer i inn- og utland. Samstundes driv me aktivt med prosjekt der menneske i alle aldrar vert involvert kreativt i å skapa musikk.

BIT20 er organisert som ein stiftelse med eit team på 22 personar fast tilknyta ensemblet. Sinfoniettaen består av 17 faste medlem, pluss kunstarisk leiar. Dei fleste musikarane er tilsett i Bergen Filharmoniske Orkester til dagleg. Me har ein eigen formidlingsansvarleg som har ansvaret for våre deltakarprosjekt. BIT20s administrative stab, som er nødvendig for drift og gjennomføring av BIT20s kunstnariske prosjekt, utgjer 3,1 årsverk fordelt på fem personar, herav ein kunstnarisk stilling.

BIT20 samarbeidar kontinuerleg med komponistar, kunstnarar, teknikarar og kunst- og kulturorganisasjonar nasjonalt og internasjonalt.

# 02 BIT20 Ensemble

BIT20 Ensemble utgjer ein sinfonietta med 17 faste musikarar:

| | |
|---|---|
| **Ingela Øien** | Fløyte |
| **Hege Sellevåg** | Obo |
| **Håkon Nilsen** | Klarinett |
| **James Lassen** | Fagott |
| **Danilo Kadovic** | Horn |
| **Thorolf Thuestad** | Elektronikk |
| **Jon Behncke** | Trompet |
| **Chris Dudley** | Trombone |
| **Owen Weaver** | Perkusjon 1 |
| **Trond Madsen** | Perkusjon 2 |
| **Jarle Rotevatn** | Piano |
| **Johannes Wik** | Harpe |
| **Jutta Morgenstern** | Fiolin 1 |
| **Martin Schultz** | Fiolin 2 |
| **Liene Klava** | Bratsj |
| **Agnese Rugevica** | Cello |
| **Callum Jennings** | Kontrabass |

Trond Madsen er kunstnarisk leiar for BIT20 Ensemble i ein 40 prosent stilling.



Foto: Linn Heidi Stokkedal

# 03 Formål og visjon

Til grunn for BIT20s verksemd ligg ein strategi om identitet, visjonar, verdiar og målsettingar. Strategien tek utgangspunkt i kva som er BIT20 sitt oppdrag, og korleis me ynskjer å oppfylla dette. Strategien dannar eit rammeverk for all vår aktivitet og våre kunstnariske prosjekt.

**Stiftelsens formål**
Formålet er "å fremma utøvinga av norsk og internasjonal samtidsmusikk, og å gjera denne kjent for eit breitt publikum."

Stiftelsen har ikkje erverv til formål.

**Visjon**
BIT20 skal opna ein større musikalsk verd og går inn i musikken med openheit og mot til å utforska og eksperimentera. Me strekk oss for å dela unike, musikalske opplevingar med publikum.

**Vårt samfunnsoppdrag**
Samtidsmusikk er eit viktig levande kunstuttrykk som er i stadig omforming. BIT20 sitt ansvar er å formidla musikken til eit breitt publikum på ulike måtar.

Me er utforskande, og visar mangfald av retningar og kreativitet. BIT20 Ensemble formidlar musikk for sinfonietta som allereie har skrive seg inn i musikkhistoria, men som sjeldan vert framført i Noreg. BIT20 Ensemble er den einaste sinfoniettaen i Bergen dedikert til samtidsmusikken. Like viktig er det å utvikla sjangeren vidare og å skapa heilt ny musikk og nye prosjekt. Me arbeidar kontinuerleg for å skapa større merksemd for samtidsmusikk og musikalsk eksperimentering.



Foto: Knut Utler

# 04 Aktivitet, innhald og fakta

## Samandrag av aktiviteten

Forkorting
UR = Urframføring (verdspremiere)
NP = Noregspremiere
PP = Polsk premiere
TV = Tingingsverk

2023 vart og eit innhaldsrikt og minneverdig år for BIT20 Ensemble. Etter 35 år i samtidsmusikkens teneste meiner me å kunne med stoltheit slå fast at ensemblet har sin vel fortente plass i norsk og internasjonalt musikkliv.

BIT20 Ensemble har tidlegare samarbeida med musikar og artist Fredrik Saroea, kjent frå popbandet DATAROCK. I år vart musikkåret 2023 både opna og avslutta med konsertar i samarbeid med han.

Etter konsert i november 2022 med musikk av komponisten Kaija Saariaho vart det uttrykt eit stort ynskje frå komponisten om å spela inn hennar fiolinkonsert med Peter Herresthal som solist og hennar dotter, Alisa Neige Barrière, som dirigent. Om det skulle kunne skje, så var det etter hennar eige utsegn berre BIT20 Ensemble som var aktuelle for eit slikt prosjekt. Finansiering vart skaffa på rekordtid og eit svært viktig musikkhistorisk augeblikk fann stad i Grieghallen i slutten av januar 2023. Det skulle visa seg at Kaija Saariaho på denne tida var ramma av ein uhelbredeleg hjernekreft. Ho var svært medtatt fysisk, men kom likevel eins ærend til Bergen for å oververa innspelinga. Desse dagane saman med ho vil gå inn i musikkhistorien som noko heilt ekstraordinært. Kaija gikk bort kun kort tid etter. Igjen har BIT20 Ensemble satt eit tydeleg avtrykk i vestleg musikkhistorie etter nok eit nært samarbeid med ein av historia si mest innverknadsrike komponistar.

Ingela Øien og Knut Vaage har samarbeida så lenge dei har kjent kvarandre. I februar fekk me moglegheit til å presentera dette samarbeidet med ein portrettkonsert. Same periode som konserten vart det og gjort ei innspeling av verka. Denne vart gjort i samarbeid med LAWO Classics som er ansvarleg utgjevar.

Borealisfestivalen var 20 år i år og det var naturleg å fremføra tingingsverket frå Alwynne Pritchard som avslutningskonsert. Det har lenge vore eit ynskje frå ensemblet å tinga eit større og lengre verk av ho, og endeleg var det klart for premiere.

Lasse Thoresen sitt verk "Løp, lokk og linjar" var i ei årrekke BIT20 Ensemble sitt signaturverk. I ein fleirårig periode vart dette framført fleire ganger i inn- og utland til stor begeistring. No var det veldig lenge sidan sist og saman med Ørjan Matre sin "Terskelsanger", var det ein heilt perfekt kombinasjon å fremføra dette under KODY festivalen i den polske byen Lublin.
Det var og veldig fint å igjen samarbeida med dirigent Ingar Bergby og solist Berit Opheim som det og var gått mange år sidan sist ensemblet samarbeida med.

Festpillene 2023 vart gjenstand for nok ein historisk hending da BIT20 Ensemble gjorde Noregspremieren på Marius Neset sin komposisjon "Geyser". Det var gledeleg å kunne presentera dette for eit norsk publikum for første gang. Verket er omfattande i innhald og besetning og hadde ikkje vore mogleg å gjennomføra utan det gode samarbeid med Festspillene i Bergen, som me har oppnådd i dei seinare åra.


Foto: Thor Brødreskift

Juni vart og ein aktiv månad.

Ingela Øien og Thorolf Thuestad var invitert til å bidra til Norsk Fløyteforum sin festival i Førde med musikk av Knut Vaage.

På Cornerteateret vart "GLIMT! – Skape" gjennomført for fjerde gang. Denne gangen med fire musikarar frå ensemblet og syv deltakarar som skapte musikk til dem. Det heile veileia særs kyndig av Else Storesund. Gjennom fleire månadar allereie, hadde ho saman med deltakarane lagt grunnlaget for det som vart presentert. Som del to av denne kvelden presenterte me og avslutninga på eit to-årig samarbeid med KUPP-komponisten Agnes Hvizdalek.

Hausten vart kickstarta med to veker med sommarskule i samarbeid med Festpillene i Bergen. Her skapte me visuelle og lydlege kunstuttrykk saman med unge skaparar mellom 10-15 år. Fana Kulturhus var arena for desse to vekene og begge avslutningskonsertane vart ein unik oppleving for oss alle.

Fram til oktober vart det jobba intenst med noteproduksjonen til innspeling av Morten Eide Pedersen sin musikk. Å skildra kor viktig Morten si rolle for musikklivet i Bergen, inkludert BIT20 Ensemble, er tilnærma lik ei umogleg oppgåve. Oversikten over kven som har blitt påverka og inspirert av hans kunstnarskap er så omfattande at det beste berre er å sei alle. Ingen som har vore innom Bergens klassiske og eksperimentelle musikkliv i perioden 1989-2014 har ikkje blitt påverka av han. Han bidro med noko til alle og ordet nei eksisterte ikkje i hans vokabular. Me skuldar han ein stor takk og det var ein ære å få jobba med hans musikk og bera den fram i lyset.

I november fekk me besøk av dei polske musikarane frå ensemblet Flow Unit. Som ein del av vårt samarbeid med Harmonies and Noises i Polen, presenterte me ein kveld med norsk og polsk musikk. Det vart ein minnerik kveld i Peer Gynt salen.
Dermed var det kun ein konsert i Håkonshallen med Fredrik Saroea og innspeling av ny plate som stod for tur før året var omme.


Foto: Thor Brødreskift

# Deltakarprosjekt

Ein viktig del av BIT20 si verksemd er deltakarprosjekta. Mennesker i alle aldrar og med ulik tilnærming og kunnskap til musikk får moglegheit til å arbeida med profesjonelle musikarar i pedagogiske settingar.

**Deltakarprosjekt 2023:**

DKS BITWaves
GLIMT – Skape #4
Sommarskule m/FiB
Hardanger musikkfest – Musikalsk Grøde
Elektromekaniske lydkontrollar - eit utviklingsarbeid med Johan Svensson

**Elektromekaniske lydkontrollar - eit utviklingsarbeid med Johan Svensson**
I 2023 starta vårt samarbeid med den svenske komponisten og instrumentbyggaren Johan Svensson. Dette fleirårige utviklingsprosjektet skal resultera i eit innovativt, fysisk lydskaparverktøy til bruk i BIT20 sine formidlingsarbeid. Desse elektromekaniske maskinane kan festast til kva som helst fysisk objekt, og gjennom ein enkel kontrollar kan ein som deltakar styra dei til å spela fantastiske og heilt unike rytmar, der kun fantasien sett grensar. Maskinane skal vera enkle i bruk og ha universell utforming, og difor få eit breitt nedslagsfelt i våre musikkprosjekt. Prosjektet har som mål å bli ferdigstilt i løpet av 2025.


Foto: Johan Svensson

**Den kulturelle skolesekken**
I 2023 haldt me fram med vårt BITWaves-prosjekt i Den kulturelle skolesekken (DKS). Med 20 dagsprosjektar gjennom skoleåret i Bergen kommune, har me tilrettelagt for kreative skuledagar i mellomtrinnet. Med appen vår kan elevane gjera sine egne feltopptak og setta dei saman til unike samtidskomposisjonar. Kvart prosjekt vert avslutta med ein intern visning av dei ulike gruppearbeida for klassen. Prosjekta vart leia av Håkon Skjæret (teaching artist i BIT20) og Owen Weaver (perkusjonist i BIT20). Alle komposisjonane er lasta opp til ein digital lydbank, tilgjengeleg for allmenta.

**DKS besøk 2023**

| **Dato** | **Skule** | **Antall elevar** |
|---|---|---|
| 10. januar | Kringlebotn | 18 |
| 12. januar | Olvik | 20 |
| 13. januar | Olvik | 25 |
| 26. januar | Loddefjord | 19 |
| 7. februar | Kringlebotn | 18 |
| 9. februar | Olvik | 19 |
| 10. februar | Haukeland | 22 |
| 14. februar | Haukeland | 25 |
| 16. februar | Haukeland | 17 |
| 17. februar | Haukeland | 17 |
| 19. oktober | Minde | 20 |
| 20. oktober | Minde | 19 |
| 16. november | Skranevatnet | 24 |
| 17. november | Skranevatnet | 22 |
| 23. november | Paradis | 20 |
| 24. november | Paradis | 20 |
| 30. november | Paradis | 19 |
| 7. desember | Olsvik | 30 |
| 14. desember | Paradis | 19 |
| 15. desember | Olsvik | 31 |
| **Totalt** | | **424** |


Foto: Johan Svensson



Foto: Helene Myksvoll/FiB

# Konsertar og produksjonar

14. januar
**Fredrik Saroea & BIT20 Ensemble**
BLÅ, Oslo

**Konsert**
BIT20 Ensemble har eit pågåande samarbeid med musikaren Fredrik Saroea, kjent frå bandet DATAROCK, og dette har allereie resultert i fleire konsertar og kritikarrost innspeling. Januar 2023 var me invitert til å presentera samarbeidet og spela konsert på BLÅ i Oslo.

**Publikum:** 59
**Videodokumentasjon:** Morten Vee og Kevin Fauske.
**Lydmix:** Øyvind Solheim

**Program:**
I'm a rock (2'58)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Battered & Bruised (2'37)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Bulletproof Vest (3'24)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

The End (2'53)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

A Matter of Dying (2'37)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Bergheim (2'31)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Understatement Lovesong (2'1)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Stray Cats (2'04)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Dragging You Down (2'08)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

My Borough (1'41)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Zip-a-Dee-Doo (2'53)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

The Family You Got to Choose (2'29)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Feather in the Cap (1'41)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Heaven Knows Those Songs Weren't Heaven Sent (2'21)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Datarock - New Days Dawn (3'08)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Datarock - Give it Up (2'47)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Laugh in the Face of Darkness (4'18)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Catcher in the Rye (3'27)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Datarock - Fa-Fa-Fa (5'08)
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

22. og 23. januar
**Graal théâtre**
Grieghallen

**Innspeling**
BIT20 Ensemble har gjennom sin konsertserie #NORDEN fokus på dei nordiske landa. I november 2022 hadde me Finland som fokus. Innspelinga av Kaija Saariaho sin fiolinkonsert "Graal Théâtre" kom som eit resultat av dette. Saariaho sjølv var den som ynskja seg BIT20 Ensemble til å spela ein versjon med hennar favorittfiolinist, Peter Herresthal, og med hennar eige dotter som dirigent. Det var ein heilt spesiell musikkhistorisk stund med Kaija Saariaho sjølv til stades, kraftig redusert av uhelbredeleg sjukdom. Ho gjekk diverre bort kort tid etter.

**Dirigent:** Alisa Neige Barrière
**Solist:** Peter Herresthal
**Videodokumentasjon:** BIT20 og Isabelle Barriére
**Lydopptak:** Jørn Pedersen (produsent), Elaine Maltezos (lydteknikar)

**Program:**
Kaija Saariaho - Graal théâtre (25')
Instr.: fl, ob, cl/bcl, bsn, hrn1, hrn 2, trp, trb, perc1, perc 2, perc 3, perc 4, pno, hrp,vln1, vln2, vla, vcl, cb


Foto: Jørn Pedersen



Foto: Gyrid Cecilie Nygaard



Foto: Gyrid Cecilie Nygaard

25. februar
**Medusa**
Cornerteateret, Kongesalen

**Konsert med samtale**
Komponist Knut Vaage og BIT20 Ensemble sin eigen fløytist, Ingela Øien, har over fleire tiår, hatt eit nært og godt samarbeid. Denne konserten var ein del av feiringa og markeringa av dette. Til konserten vart det presentert eit utdrag av deira samarbeid inklusiv urpremiera på tingingsverket "Medusa". Kunstnarisk leiar, Trond Madsen, innleia konserten i foajéen med ein samtale saman med Ingela og Knut.

**Publikum:** 63
**Solist:** Ingela Øien (fløyte, altfløyte, piccolo)
**Videodokumentasjon:** Manuel Madsen
**Lydopptak:** Norsk Komponistforening

**Program:**
Knut Vaage - Tapt slag (13'30")
Instr.: Fl, perc, elec

Knut Vaage - Medusa (13") **UP**
Instr.: Fl

Knut Vaage - Får eg likna deg (4:30") **NP**
Instr.: Fl

Knut Vaage - Elektra II (15")
Instr.: Fl, elec, video

Knut Vaage – multiMORF memoriam (5")
Instr.: Elec

28. februar - 2. mars
**Plateinnspeling**
Kultursalen, Åsane Kulturhus

**Plateinnspeling**
Samarbeidet til Knut Vaage og Ingela Øien er og blitt dokumentert ved innspelingar for LAWO Classics. Tidlegare, i 2022, har Ingela spelt inn fløytekonsert saman med Bergen Filharmonikske Orkester. Utgivinga som skal markera deira samarbeid vart komplementert med kammerverka som vart framført under Medusa-konserten 25. februar.

**Plateselskap:** Lawo Classics

**Sporlista:**
Knut Vaage - Elektra II (15")
Instr.: Fl, elec, video

Knut Vaage - Får eg likna deg (4:30")
Instr.: Fl

Knut Vaage - Medusa (13")
Instr.: Fl

19. mars
**Counting Backwards**
Cornerteateret

**Konsert på festivalen Borealis**
Tingingsverket “Counting Backwards” fekk sin premiere på festivalen Borealis 2023. I lengre tid har BIT20 Ensemble ynskja seg eit verk av Alwynne Pritchard og det var ekstra fint å få presentert dette tingingsverket som ein del av Borealis’ 20-års markering for festivalen. Alwynne Pritchard har tidlegare vore kunstnarisk leiar for både Borealis og BIT20 Ensemble.

**Publikum:** 150
**Dirigent:** Jack Sheen
**Solist:** Alwynne Pritchard
**Fortellarstemme:** Dulcie Pugh
**Videodokumentasjon:** Ben Speck/Borealis
**Lydopptak:** Thorolf Thuestad

**Program:**
Alwynne Pritchard - Counting Backwards (47:30”) **UR, TV**
Instr.: fl, ob, cl, bsn, hrn, trp, trb, perc1, harmonium, vln1, vln2, vla, vc, cb, elec



Foto: Alwynne Pritchard


Foto: Thor Brødreskift/Borealis

28. mai
**KODY**
Det dominikanske kloster, Lublin

**Konsert**
Som ein del av EØS-samarbeidet med den polske stiftinga «Harmonies and Noises», var me invitert til musikkfestivalen KODY i den polske byen Lublin. Festivalen sitt fundament er basert på ei krysning av tradisjons- og avantgarde musikk. Til årets festival presenterte BIT20 Ensemble eit heilnorsk program som passa perfekt til festivalen sitt fundament. Begge verka var i si tid skrive som tingingsverk til ensemblet.

**Publikum:** 163
**Dirigent:** Ingar Bergby
**Solist:** Berit Opheim

**Program:**
Ørjan Matre - Terskelsongar (22') **PP**
Instr.: folk singer, fl/pic/bfl, cl/bcl, tbn, vla, vcl, cb, hp, 2 perc

Lasse Thoresen - Løp, Lokk og Linjer (62') **PP**
Instr.: fl, ob, cl/bcl, bsn/CbBsn, hrn1, trp, trb, perc1, perc2, hrp, vln1, vln2, vla, vcl, cb, folk singer

4. juni
**Geyser**
Grieghallen, Peer Gynt-salen

**Konsert**
Årets festspillkonsert var via komponist og musikar Marius Neset. BIT20 Ensemble framførte noregspremiere på hans komposisjon «Geyser». Saman på scena med ensemblet, var Neset sitt eige band. Konserten var utseld og vart særskild godt motteken av publikum.

**Publikum:** 410
**Dirigent:** Geoffrey Paterson
**Solist:** Marius Neset
**Lydopptak**: Elaine Maltezos

**Program:**
Marius Neset - Geyser (1,5') **NP**
Instr.: fl, obo, clar, bsn, hrn, trp, trb,3x vl1,3x vl2,3x va,2x, vlc,kb+band (perc1,perc2, pno, double bass,sax)

10. juni
**Fløytekonsert med Ingela Øien**
Fløytefestivalen i Førde

**Konsert**
Vår eige fløytist, Ingela Øien, var invitert til fløytefestivalen arrangert av Norsk Fløyteforum. Her presenterte ho Knut Vaage sine komposisjonar "Medusa" for solo fløyte, og "Elektra" for fløyte og elektronikk. Ho hadde med seg Thorolf Thuestad på elektronikk.

**Publikum:** 50
**Solist:** Ingela Øien

**Program:**
Knut Vaage - Medusa (13")
Instr.: fl

Knut Vaage - Elektra II (15")
Instr.: fl, elec


Foto: Wojtek Kornet


Foto: Thor Brødreskift/FiB

14. juni
**GLIMT! – Skape#4**
Cornerteateret

**Deltakarprosjekt med konsert**
GLIMT! – Skape er eit av BIT20 Ensemble sin mange deltakarkonsept. Til dette inviterar me amatørar over 15 år til å skapa musikk til ein del av ensemblet sine musikarar. Det einaste kravet til deltakarane er at dei må ha eit ynskje om å uttrykka seg musikalsk og ikkje inneha nokre formell utdanning som komponist. Ingen musikalsk bakgrunnskunnskap er nødvendig for å delta i prosjektet.

**Mentor:** Else Olsen Storesund
**Deltakarar:** 7

**1. Workshop**
27. mars 17.00 - 21.00
Bukken, Grieghallen

**2. Workshop**
25. april 17.00 - 21.00
Bukken, Grieghallen

**3. Workshop**
23. mai 17.00 - 21.00
Bukken, Grieghallen

**4. Workshop**
13. juni 17.00 - 21.00
Cornerteateret

**Konsert**
**Dirigent:** Trond Madsen
**Videodokumentasjon:** Simen Aknes Aarli
**Lydopptak:** Thorolf Thuestad

**Program:**
Emily Adomah Rimmereide Adjei - Syntika (6:20”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

Torgeir Storaas - Hvor går vi nå? (3:30”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

Robin Garen Aaberg - 14. juni (5”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

Sølve Jozeph - Once There Was a Tune (4:52”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

David Christopher Vågenes - Marerytter, fue un dream? (5”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

Håkon Sundal - Strong (Part 1 & 2) (3”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

Rushana Brandanger - Shadow dance (4:20”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec

14. juni
**Abstrakt**
Cornerteateret

**Konsert og Q&A**
Agnes Hvizdalek var ein av KUPP-komponistane for 2022-2023. KUPP er eit utviklings-, nettverks- og promoteringsprogram for unge, lovande komponistar under 35 år, initiert av Norsk Komponistforening, Talent Norge, NB Noter og Music Norway med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB og Det norsk komponistfond.

Agnes Hvizdalek samarbeida i perioden tett saman med kunstnarisk leiar Trond Madsen og med ein kvartett frå ensemblet gjennom samtalar og workshops.

**Videodokumentasjon:** Simen Aknes Aarli
**Lydopptak:** Thorolf Thuestad

**Program:**
Agnes Hvizdalek - Abstrakt (15”) **UP**
Instr.: trp, pno, hrp, elec, recording

Det vart arrangert ein felles konsert på Cornerteateret for å visa fram prosjektene ”GLIMT! – Skape” og Hvizdalek sitt verk ”Abstrakt”

**Publikum:** 70


Foto: Åsa Opedal


Foto: Åsa Opedal

31. juli – 11. august
**Kreativ sommarskule**
Fana Kulturhus

**Sommarskule**
Sommaren 2023 samarbeida me igjen med Festspillene i Bergen om Kreativ Sommarskule for deltakarar i alderen 10–15 år. BIT20 leia det kunstnariske arbeidet, medan Festspillene hadde det produserande ansvaret. Sommerskolen hadde som mål å tilby eit trygt og kreativt rom, der det kunstnariske og pedagogiske innheldet skilde seg frå kvardagen elles.

Kvar periode gjekk over fem dagar og det vart gjennomført to periodar. Gjennom felles workshops, samtalar og eigen utprøving, skapte deltakarane sitt heilt genuine kunstnariske uttrykk. Fokuset var på visuelle og lydlege uttrykk.

Kvar sommarskuleveka vart avslutta med ein open konsert, der føresette og vener vart invitert til å oppleva dei ferdige resultata. Desse konsertane rigga me saman med deltakarane i eit profesjonelt uttrykk tilpassa det kunstnariske innhaldet.

**Mentor:** Trond Madsen, Yngvill Hopen, Håkon Skjæret

**Sommarskule veke 31**
31. juli – 4. august 10.00 – 15.00
**Deltakarar:** 11
**Publikum:** 40

**Sommarskule veke 32**
7. august – 11. august 10.00 – 15.00
**Deltakarar:** 20
**Publikum:** 54

**Dømer på kunstnariske resultat:**
- Fem nyskrive verk for variert besetning, fremført i utradisjonelle oppsett
- 15 korte, elektroniske BITWaves-verk
- 3 verk med live-electronics
- 4 skulpturar med kvar sine konsept, med tilhøyrande lydkunst
- 8 plakatar som skildrar ulike kjensler
- Eit dataspel med tilhøyrande lydeffektar


Foto: Thor Brødreskift/FiB


Foto: Thor Brødreskift/FiB



Foto: Knut Utler

25. august – 1. september
**Musikalsk Grøde**
Hardangerhallen

**Workshop, seminar og konsert**
I august deltok BIT20 Ensemble på Hardanger Musikkfest for å samarbeida med komponist Craig Farr og lokal ungdom i utviklinga av ny, deltakarleia musikk. Gjennom ein workshop med ungdomsskulen i Lofthus, og eit seminar med påfølgande prosjektveke med lokale skolekorps kulminerte det heile i ein stor konsert i Hardangerhallen på Ullensvang hotell.

**Vasskaninen**
«Vasskaninen» vart tittelen på det nykomponerte verket av Craig Farr, som vart utvikla i samarbeid med ungdommen i Ullensvang Skulemusikklag og Strusshamn Skoles Musikklag. Verket vart fremført med dei to korpsa samla på scena og vart dirigert av Håkon Skjæret.

**Lydinstallasjon med BITWaves**
9. trinn på Lofthus ungdomsskule utforska Lyden av Hardanger gjennom bruk av appen vår BITWaves. Resultatet vart utstilt som ein lydinstallasjon som publikum måtte gå gjennom på veg inn i konsertlokalet.

**Prosjektleiar:** Håkon Skjæret, Owen Weaver

**Deltakarar:** 41
**Publikum:** 130



Foto: Knut Utler

11. - 13. oktober
**Morten Eide Pedersen**
Gunnar Sævig Sal, Griegakademiet

**Innspeling: verk av Morten Eide Pedersen**
Morten Eide Pedersen var professor i komposisjon og leiar av Griegakademiet sitt komposisjonsstudium frå 1989 til hans bortgang i 2014. Morten var ein ekta bauta i norsk, og spesielt i Bergens klassiske musikkliv. Sidan han gjekk bort i 2014 har det vore gjort eit omfattande arbeid for å gjennomgå eldre og nyare harddiskar med hans komposisjonar og tilgjengeleggjera disse for ettertida. BIT20 Ensemble har spesielt vore involvert i arbeidet med tilrettelegging av notemateriale og innspeling av dei verk som inngår i ensemblet si besetning. Denne innspelinga var den andre i rekka for BIT20 Ensemble.

Innspelinga vart gjort i samarbeid med Signe Bakke, Griegakademiet og plateselskapet LAWO som og er utgjevar av innspelinga.

**Sporliste**
1. Scoccare (16")
Instr.: Fl.

2. Parabel V (5")
Instr.: Perk1, Perk 2

3. Blåsekvintett (8")
Instr.: Flute, Oboe, Klarinett, Fagott, Horn

4. Parabel 1 (11")
Instr.: Fløyte, Klarinett, Trompet, Trombone, Piano, Synth, Perk 1, perk 2


Foto: Elén Amalie Leiren

10. november
**Shaker Loops**
Lundegaarden Kulturarena

**Utgjeving**
Vinteren 2021 vart det gjort innspeling og opptak av John Adams' "Shaker Loops". Hausten 2023 var utgjevinga endeleg klar. Det vart gjort ein digital utgjeving i samarbeid med LAWO Classics. Utgjevinga har fått god mottaking og er tilgjengeleg digitalt på alle ditgitale musikkflatar.

**Plateselskap:** Lawo Classics
**Produsent:** Irene Bjørke
**Teknikar:** Elaine Maltezos
**Design** BLUNDERBUSS
**Tittel:** Shaker Loops, for String Septet

**Sporliste:**
1. Shaker Loops: Part I. Shaking and Trembling /// 08:42

2. Shaker Loops: Part II. Hymning Slews /// 06:25

3. Shaker Loops: Part III. Loops and Verses /// 07:44

4. Shaker Loops: Part IV. A Final Shaking /// 03:58



28. november
**Doubles**
Peer Gynt-salen

**Konsert**
Konserten «Doubles» vart presentert i samarbeid med vår polske samarbeids-partnar Harmonies and Noises, som del av vårt felles EØS-prosjekt. Konserten i Peer Gynt-salen i Grieghallen, var satt saman av polsk og norsk musikk. Her presenterte BIT20 Ensemble fleire Noregspremierer, mellom anna Eivind Buene sitt verk, "Doubles". Me hadde og besøk av polske musikarar frå en-semblet Flow Unit, og deira pianist var solist med BIT20 Ensemble i Agata Zubel sin pianokonsert.

**Publikum:** 71
**Dirigent:** Szymon Bywalec
**Solist:** Anna Kwiatkowska, Mikołaj Pałosz, Adam Kośmieja, Callum Hay Jennings
**Videodokumentasjon:** BIT20
**Lydopptak:** Thorolf Thuestad

**Program:**
Fozié Majd - Faraghi (In absentia) (21') **NP**
Instr.: Fiolin, Cello

Agata Zubel - Chamber Piano Concerto (15') **NP**
Instr.: Piano

Sławomir Wojciechowski – Uno on off (17') **NP**
Instr.: Kontrabass

Anahita Abbasi - Situation IV/Io E iO (9') **NP**
Instr.: Fiolin

Evind Buene - Doubles (14') **NP**
Instr.: Oboe, Bass Clarinet, Soprano Saxophone, Contrabassoon,Horn, Trumpet, Trombone
Perc1, Perc2, Piano,Violin 1, Violin 2, Viola, Cello, Double Bass


Foto: Thor Brødreskift

2. desember
**Fredrik Saroea & BIT20 Ensemble**
Håkonshallen

**Konsert**
BIT20 Ensemble avslutta 2023 som året begynte, med konsertsamarbeid med Fredrik Saroea. Til denne konserten vart det presentert utdrag frå tidlegare samarbeid, men og heilt nytt materiale. Konserten var i tillegg ein live-innspeling av ny plateutgjeving som ein oppfølgjar til tidlegare utgjeving. Konserten var eit samarbeid med Fredrik Saroea og Bergen Live.

**Publikum:** 80
**Teknikar:** Eivind Bernt Nielsen
**Miks:** Mark Rankin

**Program:**
I'm a Rock (2:58")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Battered & Bruised (2:35")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Bulletproof Vest (2:44")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

The End (2:48")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

A Matter of Dying (2:37")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Bergheim (2:31")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Understatement Lovesong (2:01")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Stray Cats (2:14")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Dragging You Down (2:08")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

The Family You Got to Choose (2:39")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Feather in the Cap (1:15")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Heaven Knows Those Songs Weren't Heaven Sent (2:21")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Born Again (3:15") **UP**
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Lucid Dreams (2:17") **UP**
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Hotel Chelsea (3:44") **UP**
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Datarock - New Days Dawn (3:08")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Laugh in the Face of Darkness (4:18")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Catcher in the Rye (3:27")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

Datarock - Fa-Fa-Fa (3:51")
Instr.: vln, vla,cl, hrp, voice

# 05 Statistikk

| | |
|---|---|
| **Arrangement** | Konsert: 8<br>Formidlingsarrangement: 4<br>DKS-prosjekt: 20 |
| **Publikum** | Konsert: 1046<br>Formidlingsarrangement: 294 |
| **Deltakarar** | DKS-prosjekt: 424<br>Deltakarprosjekt: 79 |
| **Musikkverk** | 56 |
| **Urframføringar (komponistar)** | Agnes Hvizdalek<br>Alwynne Pritchard<br>Craig Farr<br>David Christopher Vågenes<br>Emily Adomah Rimmereide Adjei<br>Fredrik Saroea<br>Håkon Sundal<br>Knut Vaage<br>Robin Garen Aaberg<br>Rushana Brandanger<br>Sølve Jozeph<br>Torgeir Storaas |



Foto: Thor Brødreskift/FiB



Foto: Thor Brødreskift/Borealis

# 06 Kommunikasjon

Informasjon om konsertar og arrangement skjer hovudsakleg digitalt, med hovudvekt på sosiale medier og eigne nettsider. I løpet av 2023 var kommunikasjonsansvarleg i permisjon siste halvdel av året. Det vart ikkje henta inn erstattar i denne perioden grunna mindre konsertaktivitet på hausten samanlikna med våren.

**Nettsida**
Nettsida har over lengre tid fungert som eit arkiv med mykje informasjon om tidlegare prosjekt. Mot slutten av 2022 byrja BIT20 eit arbeid med å gjera nettsida meir brukarvenleg ved å sortera vekk overflødig informasjon. Arbeidet er ikkje ferdig grunna mangel på tid, men sluttmålet er å ha ei nettsida som presenterer BIT20 på ein klar og appellerande måte.

**Sosiale medier**
BIT20 sine sosiale medier er SoundCloud, Twitter, YouTube, Facebook og Instagram. Facebook og Instagram vert hyppigast brukt, og da spesielt i førekant av arrangement.

Facebook vert brukt til å invitera publikum til BIT20 sine arrangement, publisera fotografi, samt posta innlegg relevante til samtidsmusikkfeltet. BIT20 registrerer ei jamn aukning av følgarar på BIT20 si Facebook-side.

Instagram vert i stor grad brukt til same formål som Facebook, men er i tillegg ein kanal til å publisera korte videoklipp der publikum får eit tettare innblikk til musikarane og produksjonen.

Nyheitsbrev vert sendt ut på månedleg basis og brukt til å promotera kommande arrangement, tilbakeblikk på gjennomførte prosjekt og aktuelle hendingar knyta til BIT20.

**Foto**
Fotograf Linn Heidi Stokkedal vart hyra inn for å ta nye portrettbilete av ensemblemedlemma, samt fellesbilete av ensemblet.

**Annonsar**
Stillingsutlysning for kunstnarisk leiar vart annonsert på Scenekunst, Ballade, finn.no og Musical Chairs.

Konserten "Doubles" vart annonsert i Bergens Tidende og på Facebook.

**Publikasjonar**
For andre gang vart det produsert ei BIT20 avis i 2023. Avisa inneheld intervju, reportasjar og tekstar knyta til BIT20 og årets programmering. Avisa vart distrubert i Bergen og lagt ut saman med program i førekant av konsertar og arrangement. Grafisk designar var Oscar Holcroft.

Det var og trykka plakatar og program til konsertar i 2023.



Foto: Oscar Holcroft

# Dokumentasjon

**Bilete og filmopptak**
Dei fleste av BIT20 sine konsertar vert dokumentert av profesjonell fotograf. BIT20 har i fleire år engasjert Thor Brødreskift, ein Bergensbasert fotograf med mykje erfaring frå konsertformatet. Samstundes prøver me å tilby oppdrag til yngre, meir uetablerte fotografer. Det er ein prioritet å engasjera kvinnelege fotografar for å oppnå kjønsbalanse.

Fleire av konsertane våre vert dokumentert med BIT20 sitt eige filmutstyr.

**Presse**
BIT20 Ensemble vert jamleg dekka av Ballade, Bergens Tidende og Bergens Avisen i form av reportasjar og intervju, samt anmeldingar. BIT20 fekk og oppslag i Klassekampen, NY Times, Midtsiden, Bergensmagasinet, Seismograf (dansk) Glissando (polsk) og Ruch Muzyczny (polsk) i 2023, samt eit radiooppslag på Spillerom Søndag i anleiing BIT20 Ensemble si deltaking på festivalen Borealis.


MUSIKK | 18. MAI 2023 FOR MEDLEMMER

**Endelig fikk Marius Neset spille for Brann**

Allsang av 15.000 før kampstart: – En ganske syk følelse, sier den kjente saksofonisten fra Os.


CRITIC'S NOTEBOOK

**For This Experimental Festival, Bring Your Swimsuit and Dancing Shoes**

The Borealis experimental music festival in Norway has become a space for lively exploration in a famously self-serious field.


Marius Neset dras mellom entusiasmen og teorien når han komponerer.

**Fornuft og følelser**


**Erfaringer, ikke værker – Borealis 2023**

Man kunne nemt finde festivaler med mere fuldendte værker og »ordentlig« musik – men jeg tror aldrig, jeg har været på en festival, der er så åben og så åndende.


**Urpremiere på nytt Knut Vaage-stykke**

Applausen etterpå stilnet ikke før etter to minutter da Ingela Øien sist lørdag spilte fire verker av bergenskomponisten Knut Vaage – og det fra en nesten fullsatt sal. Når

# 07 Samarbeidspartnarar

**Øvrige medverkande musikarar 2023:**

Adam Kosmieja
Aleksander Pokrywka
Anna Kwiatkowska
Anton Eger
Birk Fersum
Boris Fatulaev
Chien-Yu Chu
Conor Chaplin
David Solheim
Diego Luccesi
Dulcie Pugh
Erik Halvorsen
Geoffrey Patterson
Grethe Tonheim
Hayato Naka
Håkon Kartveit
Håkon Skjæret
Ilze Klava
Ivo Neame
Jack Sheen
Jeffrey Marquardt
Jim Hart
Julia Dibley
Kaija Saariaho
Lars Magnus Steinum
Mari B. Halvorsen
Marius Neset
Marija Kadovic
Marita Holme
Mark Bennett
Mikolaj Palosz
Pierre Doumenge
Roger Andreas Holme
Szymon Bywalec
Victoria Pritchard
Yumi Sagiuchi

**Andre samarbeidspartnarar i 2023:**

Bergen Filharmoniske orkester
Bergen Nasjonale Opera
Borealis
Cornerteateret
Festspillene i Bergen
Fredrik Saroea
Griegakademiet
Grieghallen AS
Harmonies and Noises
Kultur Vest
Norsk Teater og Orkesterforening
Proscen
Lungegaarden Kulturarena
Creative Technologies
Fana kulturhus
Henchman & Goon
Johan Svensson
Else Olsen Storesund
KODY Festival
Kaija Saariaho
Hardanger Musikkfest
Norsk Publikumsutvikliing
Nobel Lyd
Arne Sandvoll
Bergen Live
Silje Grimstad
Lungegaarden Kulturarena
Signe Bakke
Morten Eide Pedersen Fond
LAWO
Åsane Kulturhus
Norsk Komponistforening
Den kulturelle skolesekken
Kultur Vest
Norsk Teater og Orkesterforening

**BIT20 Ensemble mottok støtte frå:**

Bergen kommune
Norsk kulturråd
Vestland fylkeskommune

BIT20 Ensemble fekk i tillegg prosjekttilskot til formidlingsaktivitetar av Bergen kommune, Norsk Kulturråd og EEA and Norway Grants.

Takk til støttespelarar og samarbeidspartnarar.

# 08 Organisasjon

## Styret

**BIT20 sitt styre hadde følgande samansetning:**
Aslak Høyersten, styreleiar
Jon Behncke , styremedlem
Charlotte Spurkeland, styremedlem (til oktober 2023)
Kristin Kjøde, styremedlem
Hege Sellevåg, styremedlem

## Tilsette

**Dagleg leiar**
Stig Rasmussen – 100%

**Produsent**
Elén Amalie Leiren – 70%

**Produsent**
Kjetil Fluge – 50%

**Kommunikasjonsmedarbeidar**
Åsa Osmundsen Opedal – 50% (permisjon frå 17. august til 31. desember)

**Fagleg ansvarleg for deltakarprosjekt**
Håkon Skjæret – 40% (permisjon frå 20. mars til 30. juni)

Ved utgangen av 2023 var det fem tilsette, som til saman utgjer 3,1 årsverk.



# 09 Helse, miljø og sikkerheit

Dagleg leiar har hovudansvar for det kontinuerlege HMS-arbeidet i BIT20. I mars 2023 ble BIT20 sertifisert som Miljøfyrtårn. Musikarane har valt eit medlem frå ensemblet til tilsvarande rolle som verneombud.

Våre kontorlokaler ligg i Grieghallen, samlokalisert med Bergen Nasjonale Opera (BNO). Kontorlokaler har ikkje optimal luftkvalitet, som blir et problem om mange tilsette er på jobb samtidig over en lengre periode. Huseier Grieghallen er i prosess med utskifting av fasadeglass, som skal påvirke inneklima til det bedre.

Sjukefråværet blant BIT20 sine faste tilsette i 2023 var 2,1%. Det har ikkje vore arbeidsuhell eller ulukker. Styret ser arbeidsmiljøet som tilfredsstillande.

Me legg vekt på å ha god kjønsbalanse i styret og administrasjon og ensemble. Ved utgangen av 2023 var det fem kvinner og 12 menn i ensemblet, to kvinner og to menn i styret og tre menn og to kvinner i administrasjonen.

BIT20 sin drift forureinar ikkje det ytre miljø meir enn normalt for denne type verksemd.

# 10 Rekneskap

Etter styret si oppfatning gir framlagt resultatrekneskap og balanse for rekneskapsåret 2023 eit riktig uttrykk for stiftelsen si stilling og resultatet av verksemda.

Driftsinntekter var i 2023 kr. 7 661 943 mot kr. 7 280 271 i 2022. Sum driftskostnadar utgjorde kr. 7 432 417 mot 7 887 251 i 2022. Stiftelsen sitt rekneskap visar eit positivt driftsresultat på kr. 229 525. I 2021 hadde stiftelsen eit negativt driftsresultat på kr. 606 980. Netto finanspostar var kr 28 265 mot kr. -5 610 i 2022. Drift i 2023 hadde stiftelsen dermed eit positivt årsresultat på kr. 257 791, mot eit negativt årsresultat på kr 612 690 i 2022. Sum gjeld pr. 31.12.2023 utgjorde kr. 3 979 460 mot kr. 807 981 i 2022. Eigendelane utgjorde kr. 5 597 344 mot kr. 2 237 266 i 2022. Stiftelsen si grunnkapital er på kr. 33 000. Stiftelsen si samla eigenkapital var pr. 31.12.2022 kr. 1 687 076 mot kr. 1 429 285 i 2022.

13.03.2024
Styret i Stiftelsen BIT20 Ensemble

Aslak Geirssønn Høyersten
Styreleiar

Jon Behncke
Styremedlem

Hege Sellevåg
Styremedlem

Kristin Egset Kjøde
Styremedlem

Stig Rasmussen
Dagleg leiar





Foto: Åsa Opedal